



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Referat frå Kviteeid sokneråd

Tid: Torsdag 5. juni 2025 kl. 18-21

Stad: Kommunehuset Kviteeid

Innkalling: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Sigrun Lønning Solvang (sokneprest) og Kristen Salmelid (kyrkjeverje). Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant), 1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid.

Kopi var sendt til

- dei andre varamedlemmene: Monica Haugstøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.).
- Prost og revisor

Fråvær, meldte og ikkje meldte: Anne Oddny Foldøy

Opningsord var ved sokneprest Sigrun Lønning Solvang

Servering var ved kontoret.

Referatet vert sendt ut til alle nemnt over her.

SR-sak 20.25 FR	Innkalling og saksliste	MS / KrS
	Innkallinga til dette møtet vart send ut på e-post til alle i SR onsdag 28. mai 2025. Merknader til innkalling eller saksliste? Eventuelt?	
	Dei to siste referata er lagt ved innkallinga. Merknader til siste referata?	
Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Ingen merknader til siste SR-referat.		
VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Ingen merknader til siste SR-referat.		

1. Arrangement sidan sist ordinære SR:

- a. Babysong held fram på Misjonshuset omtrent kvar torsdag føremiddag kl. 11-13. Olav Holm og Ellen Jore har kvar sin gong. Åsa Wendel er trufast med og ordnar servering. Inger Holm hjelper til på timeløn når ho har anledning.
- b. Føremiddagstreff på Misjonshuset: Dei to siste var 26. mars og 23. april.
- c. Språk-kafé på Misjonshuset: Dei to siste var 18. mars, 8. april og 20.mai.
- d. Andaktar på KOS og Midtsundtoppen har vore jamleg ved soknepresten eller vikar. Den førre var 14. mai.
- e. 'Bøn for Kviteseid' er månadlege fellessamlingar mellom kyrkjene/forsamlingane. Dei held fram siste tysdag kvar månad på Misjonshuset
- f. Felles diakonisamling for Vest-Telemark 27. april på Vinje-huset. Då var det fin markering av 40 år med prostidiakon i Vest-Telemark. Årsmøte for Diakonatet var rett før, same dag. Utsendingar til årsmøtet var Marit Sørby og Hanne Roholdt.
- g. GODHETSVEKA var 5. – 8. mai, med felles gudsteneste i Bryggeparken sundag 11. mai. Oppsummeringa er 41 utførte oppdrag. Ca. 300 dugnadstimar i oppdraga + alt komitéen la ned av arbeid. Totalt var 75 stk. engasjert. (Inklusiv kjøkkenfolk og bakarar). Benedikt Nødland var soknet sin representant i komitéen. Stor takk til alle som bidrog!
- h. Samtalegudsteneste og konfirmantfest var sundag 11. mai, med gudsteneste i Brunkeberg kl. 15.00 og fest på Misjonshuset i Kviteseid etterpå. Takk til alle som var med på dette. Astrid Breivik har skrive eit kort referat om det praktiske. Det vart ein fin fest. Det kan godt bli ein tradisjon at dei som gjennom året har vore med og laga mat til konfirmantsamlingane, vert inviterte som gjester til denne festen.
- i. Diakoniutvalet var til stades på kommunal senior-dag på Sundvang 22. mai.
- j. Gudsteneste på Vrådal gamle kyrkjegard Kristi Himmelfartsdag 29. mai med deltaking frå Vrådals-koret, servering av kyrkle-graut og 'avduking' av ny informasjonstavle. Det var heile 90 personar til stades.
- k. Dugnad på kyrkjegardane vart litt endra etter vedtaket i SR 24. april. Det vart slik: Kviteseid og Brunkeberg 7. mai, Fjågesund (rundt kyrkja) 12. mai, og Vrådal gamle kyrkjegard 26. mai. Det vart ingen ting rundt Vrådal kyrkje og Kviteseid gamle kyrkje.
- l. Konfirmasjonar i Brunkeberg og Vrådal laurdag 31. mai
- m. Sommarfest for bebruarane på Lundenjordet var på Misjonshuset onsdag 4. juni. Tradisjonell og fin fest som blir sett stor pris på. Arr. Diakoniutvalet.

2. Planlagde arrangement:

- a. Konfirmasjon i Kviteseid 1. pinsedag, 8. juni.
- b. Føremiddagstreff: Vi har ikkje meir på Misjonshuset våren -25, men har som vanleg ei sommarsamling på Bygdetunet. Den er i år 25. juni kl. 12.00.
- c. Språk-kafé på Misjonshuset 17. juni blir slått saman med FN sin Flykningedag som vert markert i Vrådal med 'Vandring for håp' i samarbeid med diakon Eilev Erikstein og 'Smaken av fjell-Telemark'. Sjå eiga annonsering.
- d. Andaktar på KOS og Midtsundtoppen i kyrkja sin regi held fram 11. juni.
- e. Vårkonsert i Vrådal kyrkje 1. juni ved Lina Haugholmen, Svetlana Sheytanova og Laila Karlsen Taraldlien. Arrangement i samarbeid med soknet, med inngangspengar.
- f. Landstaddagar 21. og 22. juni 2025 med foredrag på Nutheim ved statsstipendiat Ørnulf Hodne, konsert i Flatdal kyrkje ved domorganist Kåre Nordstoga m.fl. på laurdagen, pilegrimsvandring frå Svartdal til Åmotdal, og folkemusikkmesse i Åmotdal på sundagen. i [Sjå omtale her](#). Det kjem annonsar.

- g. Avslutning for kyrkjeverja blir sundag 29. juni på Misjonshuset, etter messa i Kviteseid kyrkje (kl. 11.00).
 - h. Felles songmøte er planlagt 28. september (*Sjå referat frå Fellesmøtekomiteen*). Soknepresten er med i denne komiteen. Planar for 2026: Felles familiemøte 18.jan., Fellesmøtehelg 6.-8. mars og sangkveld 27.sept.
3. **Sommarplan:** Plan for sommarens arrangement med ferieplanar, delegering av ansvar og involverte vikarar ligg ved. Kyrkjeverja orienterer. *Sjå vedlegg*. Dag Harald Undheim er vikarprest i Kviteseid og Seljord i sommar. Det blir andaktar i Gamlekyrkja torsdagskveldar i juli.
4. **Vrådal kyrkje** har fått ny solid og tett ytterdør, identisk til den førre, og nytt teppe / løpar frå ytterdør til og med alterringen.
5. **Minnelunden** nærmar seg ferdigstilling. Innviing /opning kan vere 24. august, etter messa i Kviteseid kyrkje viss alle godkjenningar er klare til då.
6. **Ny aldersdatering av Kviteseid gamle kyrkje.** Dispensasjonssøknad er sendt til Riksantikvaren for å få ta ut nye prøver for fastsettjing av kyrkja sin alder. Det er Dag Rorgemoen, direktør og konservator NMF ved Vest-Telemark Museum som står i spissen for dette. Søknaden vart innvilga 28.mai, og allereie onsdag 4. juni kom det ein heil delegasjon, inkl. Riksantikvaren, for å ta ut små mengder materialar frå utvalde plassar for analyser. Vi er spente på resultatet.
7. **Hovudorganisasjonen KA legg opp til ein grundig tilstandsrapport frå kyrkjene** kvart fjerde år. Ny rapport må lagast i 2025. Kyrkjeverja overlèt det til den nye kyrkjeverja frå hausten. Det blir ein god gjennomgang av tilstanden av kyrkjene. Programmet ‘Ordna eigedom’ vert nytta til dette, tidlegare ‘Kyrkjebyggdatabasen’. Programmet er viktig i samband med reparasjonar, prosjekt, stønadars og samhandling med mellom anna Riksantikvaren og KA.
8. **Søknadar om offer.** Det kjem heile året søknadar frå forskjellige instansar om offergåver. Desse blir vanlegvis venleg avvist av kyrkjeverja då soknerådet har sin vedtekne plan. Sist nå kom søknad frå styret for Nasjonalt Landstadsenter, datert 16. mai. *Sidan offerplanen for heile 2025 er vedteken, ynskjer soknerådet å støtte Landstadsenteret med kr 3000 no. Prosedyrer vidare: Alle søknader om offergåver som kjem gjennom året, blir sendt vidare til soknepresten for handsaming i gudstenesteutvalet.*
9. **Klage:** Soknerådet fekk 14. april ei klage frå Øvre Telemark Begravelsesbyrå om mogleg rolleblanding og favorisering av anna gravferdsbyrå. Svar på klaga vart sendt 8. mai i samarbeid med soknerådsleiar, og etter samråd med KA.
10. **Bispevisitas blir i veke 17, 20.-26. april 2026.** Soknerådet blir sterkt involvert, og blir difor oppmoda til ikkje å gjera andre avtalar den veka.

SR-sak 22.25 FR	Melding frå revisor 2024/25	MS / KrS
------------------------	------------------------------------	-----------------

Revisor si melding for rekneskapsåret 2024 vart motteken 23.mai 2025. *Ligg vedlagt*. Revisor er Hilde Vatnar i Vestfold og Telemark revisjon IKS, same revisor som kommunen brukar. Her er eit utdrag frå denne:

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Kviteeid Sokn som viser eit netto driftsresultat på kr 226 097 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 226 097. Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2024, driftsrekneskap og investeringsrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kviteeid Sokn per 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

...

Basera på den kjennskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som skal gjevast med omsyn til gjeldande lovkrav og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer med årsrekneskapen.

...

..leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av fellesrådet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Vedlegg: Revisors melding for 2024

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet takkar for vel gjennomført revisjon av rekneskapen for 2024, og tek meldinga til orientering.

VEDTAK:

Soknerådet takkar for vel gjennomført revisjon av rekneskapen for 2024, og tek meldinga til orientering.

SR-sak 23.25 FR	Soknemøte 9.6.25, informasjon	MS
-----------------	-------------------------------	----

Soknemøtet skal vere i Vrådal kyrkje 2. pinsedag, 9.juni - etter messa kl. 11.00.

Soknemøtet er gjort kjent via kyrkjebladet før påske og i oversikten over gudstenestene på [soknet si nettside](#). [Innkalling](#) ligg som nyheit på nettsida frå 27. mai, saman med Årsmeldinga og Årsrekneskapen for 2024. Soknemøtet er også gjort kjent på Facebook med vising til nettsida, og i VTB under vanleg kunngjering av messe. Dokumenta er også tilgjengelege på papir på kontoret og der vi har gudstenester fram til soknemøtet.

I innkallinga er Marit Sørby føreslegen som møteleiar, Sigrun Garvik Moen som referent, og Sigrun og Jørgen Moen til å skrive under på protokollen. Nokon til å underteikne bør vere andre, så desse må møteleiar finna.

Vedlegg: Saksliste soknemøtet 2025

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa og støttar forslaga til møteleiar, referent og to nye til å underskrive protokollen.

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa og støttar forslaga til møteleiar, referent og to nye til å underskrive protokollen.

Kyrkjelydsutvalet i Vrådal ynskjer endringar med benkene bakarst i kyrkja. Her er søknaden, datert 23.04.2025:

Vrådal kyrkjelydsutval søker om å få fjerne benkar i Vrådal kyrkje.

Vi vil bruke plassen vi får til:

1. rullestolar/barnevogner utan å måtte sitte i midtgangen
2. born får plass til å lese/teikne
3. naturleg samlingsplass ved kyrkjekaffien.

Soknet har gått til innkjøp av nytt teppe til midtgangen/alterringen. Det er vi særslig glade for.

Samstundes er vi glade i å servere kyrkjekaffe etter messa. Folk stoppar att og det blir ein sosial møteplass. Einaste plassen å servere kaffien er bakerst i kyrkja. Vi uroar oss for søl på det nye teppet. Med ekstra plass bakerst vil dette hjelpe godt.

Ved behov har vi lause klappstolar som erstattar dei benkane som er borte.

Vi søker derfor om å fjerne ein benk på venstre side og snu ein benk. På høgre side ønsker vi å fjerne ein benk. Vi håpar på positivt svar.

Helsing kyrkjelydsutvalet i Vrådal v/ leiar Astrid Breivik.

Kyrkjeverja er positiv til saka og støttar søknaden. Det er viktige og gode argument i grunngjevinga, å lage plass til

- rullestolar og barnevogner, som kan
- kombinerast med triveleg og praktisk plass for born for aktivisering under gudstenester, og
- for kyrkjekaffi, som er eit samlande, sosialt og diakonalt tiltak etter gudstenestene. Her er det godt at de ynskjer å taka vare på det nye teppet slik at det ikkje vert stygt av kaffiflekkar og kakesmular.

Ved å ha tilgjengelege samanleggbar stolar til større arrangement vil kyrkja heller ikkje missa nokon plassar. Kyrkja som er ei langkyrkje i tre frå 1878 er i dag registrert for 170 sitteplassar. Galleriet er då ikkje medrekna. Største gudsteneste vi hadde der i 2024 var jolaftan med heile 282 personar til stades med alle medverkande, og det har siste år vore gravferd med over 200 til stades, så det er viktig å ikkje redusera talet på sitjeplassar. Elles i 2024 var det registrert frå 23 til 85 personar til stades på gudstenester, så der er vanlegvis god plass.

Gamle røyrstolar som er lagra i 2. høgda skal ut, og klappstolar frå Kviteseid inn som erstatning. Det er allereie ordna administrativt, men truleg ikkje iverksett. Andre lag i Vrådal ynskjer røyrstolane.

Til samanlikning så er det mange år sidan omtrent det same vart gjort i Kviteseid, der det vart laga til plass for rullestol og barnevogn, og betre plass til roleg leik, familie og kyrkjekaffi.

Viss SR støttar dette, vil kyrkjeverja skrive søknad til biskopen om godkjenning for permanent fjerning av to benkar og for å snu ein benk. Dette vil bli understøtta av bilet og mål.

Soknerådet kan alle sjå på benkene under soknemøtet 9. juni, og koma med fleire innspel då.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet støttar søknaden frå kyrkjelydsutvalet i Vrådal om fjerning av to benkar bak i Vrådal kyrkje og snu ein tredje benk. SR ber kyrkjeverja skrive søknaden til Biskopen, om mogleg før han sluttar.

Det er mogleg at ein benk kan setjast opp på galleriet framom orgelpipene. Benkene og feste av desse må og studerast for å sjå om det i det heile tatt er mogleg å snu ein benk. Kyrkjeverja beskriv og dokumenterer faktiske høve med bilde.

VEDTAK:

Soknerådet støttar søknaden frå kyrkjelydsutvalet i Vrådal om fjerning av to benkar bak i Vrådal kyrkje og snu ein tredje benk. SR ber kyrkjeverja skrive søknaden til Biskopen, om mogleg før han sluttar.

Ved synfaring mandag 9 (oppmåling og fotografering) såg vi at det kan vere mogleg å setje både 1 og 2 benkar opp på galleriet framom orgelpipene. Benk frå høgre side kan brukast på venstre side (den som skal snuast andre vegen) for å sleppe å lage ny endegavl. Dette gjer ein netto auke i talet på sitjeplassar frå 170 til 180 med lause klapp-stolar ved behov, der benker takast bort nede. Kyrkjeverja forklarar meir i søknad til biskopen.

SR-sak 25.25 FR | Kyrkjelydsutvala

MS

Soknerådet ynskjer å møte alle kyrkjelydsutvala i soknet og vedtok tidlegare å invitere alle til dette møtet. Her får soknerådet høve til å takka kvar enkelt for alt godt arbeid dei legg ned i denne viktige tenesta. Kvart utval får og høve til å seie noko om ‘sine’ kyrkjer og korleis dei opplever tenesta og samarbeidet. Innbyding blir sendt til kvar leiar som formidlar vidare til resten av utvalet.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet takkar kvar og ein i kyrkjelydsutvala for alt det dei gjer for soknet, fellesskapet og kvar einskild som kjem innom på gudstenestene.

Soknerådet noterte seg eventuelle saker frå utvala.

Brunkeberg: Ynskjer meir bruk av Kyrkjestøgo i kjellaren til kyrkjekaffi. Knut Gjersund utgjer i dag komiteen. Fleire er villige til å vere med å baka, men dei vil ikkje vere med i utvalet. Godt at kyrkjekaffi er tilbake i Brunkeberg.

Fjågesund: Dei lagar ikkje til kaffi kvar gong, men når dei har, er det mykje god mat. Dei er fleire som deler på oppgåvane.

Vrådal: Dei lagar alltid til kyrkjekaffi. Har ikkje komitémøte, men avtalar pr telefon.

Kviteseid: Dei er 4 personar med i utvalet, og ektefellane hjelper oftast til. Her er flest gudstenester, men dei greier seg godt. Dei har helst kyrkjekaffien utandørs når det er vær til det, elles inne bak i kyrkja. Tenker ikkje Kyrkjestøgo er like aktuell.

Soknerådet er veldig takknemlege for den fine, gode og viktige gjerninga kyrkjelydsutvalet gjer kvar plass. Det er lov å tenke på å halde teppa fine, men mykje viktigare er det at folk blir ønskt velkommen, blir sett og føler at kyrkja er ein god plass å koma til.

VEDTAK:

Soknerådet takkar kvar og ein i kyrkjelydsutvala for alt det dei gjer for soknet, fellesskapet og kvar einskild som kjem innom på gudstenestene.

Soknerådet noterte seg eventuelle saker frå utvala.

Soknet arrangerer gullkonfirmantfest annakvart år for to årskull om gongen. Gullkonfirmantfesten brukar å vera i september/oktober og rotere slik: Kviteseid – Brunkeberg – Kviteseid - Vrådal. I 2019 var festen i Brunkeberg (men flytta til Kviteseid grunna plass), i 2021 var det Kviteseid, og i 2023 i Vrådal.

I 2025 er det kulla som vart konfirmerte i 1974 og 1975 som skal inviterast til denne gullkonfirmantfesten. Dei fleste er då fødde i 1959 og 1960.

Aktuell dato er 19. oktober då det er gudsteneste i Kviteseid. Då har Misjonshuset ikkje møte, og huset er reservert til fest. Tidlegare datoar er vurdert, men passa ikkje Misjonshuset som allereie har laga sine planar for hausten.

Soknerådet må og setje ned ein komité.

I 2023 vart dette skrive: *Soknepresten finn 1-2 frå kullet som kan vera med og finna namn og adresser. Komité for festen er Soknepresten, og nokre frå konfirmantkulla (Møyfrid finn) Praktisk komité for mat, pynting, servering mm*

Så då er spørsmålet korleis soknerådet vil gjere dette i år.

Kyrkjekontoret lagar til oversikt over dei som var konfirmantar dei aktuelle åra, men dei blir med til dømes jentenamn og gamle adresser, så det krev litt arbeid i løpet av sommaren for å finna fram til flest mogleg rette namn og adresser. Kontoret kan sende ut innbyding når namnelister med adresser er klare. Vi kan og bruke Facebook til etterlysing av folk, og når tida kjem, til kunngjering.

Forslag til VEDTAK:

Gullkonfirmantfesten blir sundag 19. oktober med gudsteneste i Kviteseid kyrkje kl. 11.00 og fest på Misjonshuset etter messa. Huset er reservert. Soknerådet spør desse om å sitja i komité:

Lister med alle fødde dei aktuelle åra, er medlemmer og er busette i soknet vert sendt til komiteen. Desse listene kan innehalda personar som er konfirmerte andre stader, eller ikkje er konfirmerte, og mangla folk som er konfirmerte her, men no busette andre stader. Konfirmerte i soknet finn vi i kyrkjebøkene. Det kan vere lurt å involvere nokon av gullkonfirmantane i dette arbeidet.

VEDTAK:

Gullkonfirmantfesten blir sundag 19. oktober med gudsteneste i Kviteseid kyrkje kl. 11.00 og fest på Misjonshuset etter messa. Huset er reservert. Komité for gullkonfirmantfesten blir: Astrid Breivik, Solveig Løfgren, Dagfinn Køhn, Knut Gjersund, Marit Sørby og Sigrun Moen.

Ida Sigurdslid og Astrid Breivik arbeider i sommar med å få på plass mest mogleg komplette lister med namn og adresser på dei som vart konfirmerte i soknet dei aktuelle åra. Soknepresten legg digitale namnelister inn i kardinal og sender ut innbyding innan utgangen av august.

Soknet er heldige som har to særslig gode friviljuge ‘konsulentar’ på kyrkjekstilar; Hanne Julie Roholdt og Herdis Marie Nordbø Jørgensen. Møte mellom dei og soknerådsleiar Marit Sørby og kyrkjeverja 27. mai, førte til nokre saker til soknerådet:

1. Presentasjon av kyrkjekstilane i kyrkjene i Kviteseid sokn er snart ferdig. Det er berre tekstilane i Fjågesund kyrkje og Kviteseid gamle kyrkje som står att. Desse presentasjonane

kan vere etter messene i Fjågesund 5. oktober og i Gamlekyrkja 22. eller 29. juni. Gruppa i møtet anbefala 22. juni for Gamlekyrkja, då det og er sesongopning av bygdetunet. Komitéen ber soknepresten og klokkarar merke seg datoane. Når alle presentasjonane er ferdige, vil arbeidet med å synleggjere alt bli gjort tilgjengeleg både i papirform og digitalt til nettsida vår og i oversikten over alt inventar i kvar kyrkje, i ‘Ordna eigedom’. Det er få, om nokon kyrkjer, som har så omfattande dokumentasjon av kyrkjekstilane sine som vi nå har i vårt sokn.

2. To gamle presteskjorter frå krigsåra er donert til kyrkja, og komiteen har takka ja. Dei vart laga av mjølsekkar til sokneprest Bjørgum av hans kone Det er dottera deira, Tora Fjalestad som har gjeve skjortene. Kyrkjeverja vil oppbevara dei i kvelvet på kommunen (utanfor ordførarens kontor), saman med andre gamle og verneverdige tekstilar, utstyr, biblar og salmebøker. Det kan vere greitt å informere historielaget om desse sakene.
3. Eit brodert bilet av Fadervår hang i mange år i Kviteseid kyrkje på ei søyle langt framme på venstre side. Det er beskrive i oversikta over tekstilane i Kviteseid kyrkje. Det vart tatt ned i samband med noko elektrisk installasjon for 2-3 år sidan. I samarbeid med kyrkjelydsutvalet i Kviteseid, bør det hengjast opp igjen. Kyrkjeverja har tidlegare bede kyrkjetenarane hengja det opp igjen på ein høveleg plass, og har då føreslege søyla framme på høgre side mellom talarstolen og den gamle omnien. Det vil då vere godt synleg for alle, og spesielt dei som tenner ljós i globen. Ramma må bytast.
4. Eit større brodert bilet som tidlegare har hange i Kviteseid kyrkje, står nå bak alteret. Kan vi be kyrkjelydsutvalet prøve å finna ut kvar biletet tidlegare har hange? Hanne og Herdis vil prøve å finna ut noko om historia til biletet og registrere det i oversikta si.
5. Ny altarduk i Kviteseid gamle kyrkje: Noverande duk har truleg vore utsett for hard vask tidlegare, og har rakna ein del opp. Dette er reparert, men ved nøyne ettersyn ser ein at den er skada, og den toler ikkje å bli vaska på nytt. Vi kjenner ikkje til kva tid dette har skjedd. Kyrkja fekk ein ny duk på 50-talet, men den forsvann då det kom nytt antependium i 80-åra. Dette er beskrive i oversikta. No har Kari Moen uttrykt at ho vil få laga og gje ein ny duk, som er så lik som mogleg den som forsvann. Ynskjer soknerådet å ta imot ei slik gave? Skal det lagast ein ny duk, må denne godkjennast av biskopen. Viss SR ynskjer å gå vidare med saka, må Herdis som er kontakta, avklare med Kari Moen om kva og kor mykje ho vil gje og om det blir noko soknet sjølv må koste. Herdis samlar òg saman all tilgjengeleg informasjon om mønster som er teikna, kvalitet/stoff/tråd og tilverkarar. Komitéen ynskjer helst at det skal vere lin. Om det berre er aktuelt med bomull, må det truleg avgjera av biskopens fagfolk om det er greitt å ha i kyrkja frå middelalderen.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet

1. støttar datoane for presentasjonen av tekstilane i Fjågesund og Kviteseid gamle kyrkje, og takkar endå ein gong for det store arbeidet som er lagt ned i denne oversikta.
2. takkar for dei gamle presteskjortene frå krigens dagar, og ber soknerådsleiaren formidle takken vidare til gjevaren.
3. ber kyrkjelydsutvalet finna høveleg plass til ‘Fadervår’-biletet, og vidare syte for at ein kyrkjetenar ordnar med ny ramme og hengjer broderiet opp att.
4. ber kyrkjelydsutvalet vurdere høveleg plass til biletet, og koma tilbake til kyrkjeverja med forslag.
5. ynskjer å uttrykke ein stor takk til Kari Moen for tanken og ber Herdis M. N. Jørgensen arbeide vidare med saka, avklare med Kari Moen, og skaffe naudsynt dokumentasjon til ein søknad til biskopen. Soknerådet støttar saka og ber kyrkjeverja skrive søknaden når alt naudsynt er avklara.

VEDTAK:

Soknerådet

1. støttar datoane for presentasjonen av tekstilane i Fjågesund 5. oktober og i Kviteseid gamle kyrkje 22. juni, og takkar endå ein gong for det store arbeidet som er lagt ned i denne oversikta.
2. takkar for dei gamle presteskjortene frå krigens dagar, og ber soknerådsleiaren formidle takken vidare til gjevaren.
3. ber kyrkjelydsutvalet og soknepresten finna høveleg plass til ‘Fadervår’-biletet, og vidare syte for at ein kyrkjetenar ordnar med ny ramme og hengjer broderiet opp att, og
4. ber kyrkjelydsutvalet vurdere høveleg plass til biletet, og koma tilbake til kyrkjeverja med forslag. (Det kan ha hengt i bornas kapell / i dåpssakristiet)
5. ynskjer å uttrykke ein stor takk til Kari og Torju Moen for deira ynskje om å gje ein ny altarduk til Kviteseid gamle kyrkje. Moen har skriftleg stadfesta si gāve. Herdis M. N. Jørgensen har arbeidd vidare med saka, og skaffa naudsynt dokumentasjon til ein søknad til biskopen. Soknerådet støttar saka og ber kyrkjeverja skrive søknaden om godkjenning til Biskopen.

SR-sak 28.25 FR	Eventuelt	MS
------------------------	------------------	-----------

Dataar for SR til hausten: Det fyrste møtet til hausten er lagt til torsdag 4. september, i staden i august, for mellom anna å gje den nye kyrkjeverja Maria N Taxerås betre tid til innkøyring og førebuing. Neste møte blir torsdag 19.oktober. Dato for novembermøtet blir fastsett seinare.

Fest for kyrkjeverja 29. juni: Komitéen (soknerådsmedlemmer) møter i kyrkestøgo mandag 16. juni kl. 12.00 for å planlegge den praktiske delen av festen.

Kyrkjeverja fekk gode ord og bukett med blomar frå soknerådsleiaren, som takk for gode år og godt samarbeid med soknerådet i 9,5 år. Dette var det siste møtet Kristen Salmelid deltok på som kyrkjeverje i Kviteseid sokn.

Bruk/leige av Misjonshuset: Det er eit ynskje om at soknerådet og diakoniutvalet får bruke Misjonshuset til ulike arrangement og festar framover, slik det har vore i ‘alle’ år. Thorbjørn Salmelid Emdal (temdal@gmail.com, 90944938) er ansvarleg for utleige av huset (etter Kristen Salmelid). Thorbjørn er og styreleiar frå våren 2025. Rekneskapsførar lagar faktura nokre gonger i året. Det er viktig at ynskje om bruk vert formidla i god tid før kvart semester, også dei tradisjonelle arrangementa. Desse anledningane er allereie avtala for hausten 2025:

1. Babysong torsdagar kl. 11-13
2. Føremiddagstreff onsdagar 24/9, 29/10, 26/11
3. Helgemessekaffi sø. 1/11
4. Kyrkjebasar lø. 29/11 med rigging dagen før
5. Fest for Lundenordet onsdag 17/12

Messe i Brunkeberg søndag 10. august kl. 17.00: Soknepresten har eit ynskje om å ha denne messa på ein gammal husmannsplass – sett i samanheng med bokprosjektet «Husmannsplassar i Kviteseid». Ho har hatt kontakt med leiaren i Kviteseid Historielag for å finne ein høveleg plass å ha denne messa på.

Annonsering av torsdagsandaktane i Kviteseid gamle kyrkje: Det skal også i år vera kveldsandaktar i Gamlekirkja kvar torsdagskveld i juli. Desse bør det opplysts om over heile kommunen. Soknepresten lagar plakatar som skal hengjast opp.